

Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 05.09.2019

Representanten **Geir Angeltveit** (V) har stilt slikt spørsmål.

Har eit spørsmål angående skuleskyss og høve for deltakarar ved vaksenopplæringa å reise med desse. Blei kontakta av ein ved vaksenopplæringa som er avhengig av buss når hen pendlar. Hen får ikkje sitje på med skulebussen som køyrer VGS-elevane ned til 07:22-båten frå Sunde til Leirvik.

For å kunna koma tidsnok til skulen må ho no ta buss og båt ein time tidlegare enn naudsynt fordi hen fortel hen vert nekta gå ombord på bussen.

Enkelte har ikkje eit anna alternativ til buss, og at familiesituasjon med småborn, barnehage/skule og slikt gjer det vanskeleg å reise så tidleg som vedkommande gjer då hen er avhengig av barnevakt frå kl. 05.30 om morgonen.

Eg kjenner ikkje til om bussen er full eller om det er andre omstende her som gjer dette vanskeleg. Tenker at lar det seg gjere å betre situasjonen for nokre så er jo det fornuftig for alle partar tenker eg.

Fylkesrådmannen gav slikt svar:

Skyss har diverre ikkje eit ordinært rutetilbod til 07:22-avgangen med båten frå Sunde til Leirvik. Transporten det vert vist til er ein tilrettelagt skoleskysstransport tilpassa elevar på Stord VGS som har lovfesta rett på skuleskyss. Det er eit mål at skoleskyssen i høgast mogleg grad skal vere samordna med det ordinære rutetilbodet, men i tilfelle der dette ikkje let seg gjere (t.d. på grunn av elevane si geografiske plassering) vert skoleskyssen gjennomført som tilrettelagt transport, som oftast utført med drosje eller minibuss av undertransportørar.

Transporten det er snakk om her blir utført med ein minibuss med 8 sitteplassar. Transporten startar nord for Rosendal og plukkar opp elevar ved fleire vanskeleg tilgjengelege sidevegar, der det er eit føremon med eit mindre køyretøy.

Skoleskyss som blir utført med tilrettelagt transport er ikkje open for andre reisande, då tilbodet er tilpassa elevane som reiser både når det gjeld tidspunkt, rute, storleik på køyretøyet mv. Denne typen transporten er heller ikkje open for andre skoleelevar, med mindre dei har fått innvilga tilrettelagt skoleskyss. Prisen for tilrettelagt transport er betydeleg høgare for Skyss enn ordinære ruter, og nyttast berre i tilfelle der det er snakk om elevar som av medisinske årsaker ikkje kan reise med ordinær buss eller elevar som bur i område som ikkje dekkast av det ordinære rutetilbodet.